

KV-prosjektet går sin gang

17.10.2011



KV ventar på kommunen, vegen til skulen er stengt.

Byggeprosjektet til Kvinnherad Vekst (tidlegare AFA) sentralt i Uskedalen går sin gang etter planen og utan forseinkinger sjølv om ein kommunal saksbehandlar har kome med tildels kritiske innvendingar. Det opplyser dagleg leiar Tor Vidar Sæle til uskedalen.no

Det som skal skje i første omgang er tilretteleggjring av tomta medan neste byggjesteg med tilretteleggjring av næringsareal og bustader kjem seinare og tidlegast neste år.

- Betong- og murarbeid held fram som planlagt. Det står mellom anna att gjenfylling på baksida av den støypte bakveggen og vi ventar på at kommunen skal bli ferdig med leidningsgrøfta ned til skulen.

Når det siste er skjedd, kanskje i slutten av denne veka, kan vår entreprenør halda fram med muren som skal bli dobbelt så lang som den førebels fullførte, fortel Sæle.

Han håper at mykje kan vera gjort om frå 2 til 3 veker.

- Så dei kommunale innvendingane betyr ikkje noko?
 - Slett ikkje, vi gjer det vi har lov til i denne omgangen.
 - Når skiftar verksamda namn slik at det kjem nye skilt?
 - Den har skifta namn og vi ventar på skilta. Men diskusjonen om det nye namnet Kvinnherad Vekstbedrift er jo for lengst igang.
- På folkemunne blir det truleg Kvinnherad Vekst eller KVAS, seier Sæle.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Slik er den støypte veggen i bakkant av tomta.